



Vestnes, 21.01.2005

Vår ref.
000551/05

Saksnr.
04/01067

Dykkar ref

Arkivkode
455

Saksbehandlar
Randi Rønnestad

REGLEMENT FOR GÅVER TIL TILSETTE

VEDTEKE I ADM.STYRE DEN 14. MARS 2005

GJELD FRÅ 14.03.05

1. Kommunale arbeidstakarar som fyller 50 år og har vore i samanhengande kommunal teneste i minst 10 år får krystallvase med kommunevåpen/logo og blomster.

Kommentar:

- Med "arbeidstakar" er å forstå kommunale arbeidstakarar som er fast tilsett.

Kommunale arbeidstakarar som fyller 50 år og ikkje har vore i samanhengande kommunale teneste i 10 år eller fyller kravet om stillingsstorleik, - får blomster.

2. Kommunale arbeidstakarar som fyller 60 år får blomster.
3. Kommunale arbeidstakarar som sluttar i teneste og seier opp stillinga si på grunn av alderspensjon / AFP / uførleik, og som har 10 år samanhengande kommunal teneste, kan velje mellom mellomstor lysestake med inskripsjon og kommunevåpen eller krystallvase med logo.

Kommentar:

- Permisjon med eller utan løn i inntil 1 år vert å rekne med i tenestetida.

- Permisjon (samanhengande) med eller utan løn utover 1 år vert ikkje medrekna, men avbryt heller ikkje tenestetida.

- Opphald i tenesteforhold på meir enn ½ år avbryt tidlegare tenestetid, - dvs. opptening av tenestetid må starte på nytt.

- Tidsavgrensa tilsetjingsforhold (vikariat o.l) vert å rekne med i tenestetida.

Kommunale arbeidstakarar som sluttar i teneste og seier opp stillinga si på grunn av alderspensjon / AFP / uførleik, men ikkje fyller kravet i punkt 3, - får blomster.

4. Kommunale arbeidstakarar som har vore i samanhengande kommunal teneste i minst 10 år og som sluttar i teneste, får veggplatte og blomster.
5. Tallerken (veggplatte) med kommunevåpen, med tekst Vestnes kommune og frise rundt tallerkenranda med motiv frå ordførarkjeda, kan nyttast til gåve ved ulike høve.

6. Ved sjukdom kan det sendast blomster og / eller konfekt frå den driftseining som vedkomande arbeidstakar høyrer inn under.
7. Ved ein kommunal arbeidstakar si gravferd skal vedkomande driftseining sende krans, evt. blomster til heimen.

Kommentar:

Dette punktet gjeld arbeidstakarar som var i teneste då dødsfallet inntraff.

8. Utgifter til gåver, blomster og krans vert å dekke over vedkomande driftseining sitt budsjett.
9. Ansvar for oppfølging av dette regelverket ligg hos den enkelte driftsleiar.
10. Driftsleiarane må gjere seg kjend med ”Vedtekter for Kommunenes Sentralforbunds hederstegn og hedersmerke.” Dersom kommunale arbeidstakarar fyller vilkåra for slik utmerking, skal driftsleiarane ha ansvar for at det vert sendt søknad.

Kommentar:

- *Dette punktet gjeld heidersmerke med diplom / heidersteikn for langvarig kommunal- / fylkeskommunal teneste.*
- *Ordføraren står for tildelinga. Tildelinga skjer samla for alle aktuelle ein gong pr. år.*

11. Det er ikkje høve til å erstatte desse gåvene med andre gåver.
